

Korte kommentarar til moment i mottakskontrolldokumentet frå Lindås kommune, dagsett 24.11.2016

| GENERELT | | KOMMENTAR |
|------------|--|--|
| 1 | Vi har ikkje motteke SOSI-fil for planframleggjet. Dette må sendast inn. | Sendt 29.11.16 |
| 2 | Småbåtanlegget må ha sløkkereiskap for brann og tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet. Det må gå fram av planskildringa kva løysing ein baserer seg på, og det må gå fram av føreseggnene at det skal vere sløkkereiskap og –kapasitet, samt at dette må verte dokumentert seinast ved innsending av byggesøknad. | Se planføresegna pkt. 2-2 og 3.2.6. Omtalt i planrapporten kap. 7 (inkl. ROS-analysa). Tiltaket / byggesøknaden må forhalde seg til ein kvar tids gjeldande byggteknisk forkrift. Detaljert løysning vil kome fram av byggesøknaden. |
| 2 | Småbåtanlegget må ha rutiner/utstyr som sikrar at miljøfarleg avfall vert handtert på riktig måte. Metode må skildrast i planskildringa, og det må også gå fram av føreseggnene at dette vert sikra. Vi tilrår at det vert sett av eit eige område i plankartet for avfallshandtering, alternativt at det går fram av føreseggnene at det skal etablerast avfallsløysing innanfor BBS2. | Sjø føresegn §§ 3.2.4, 3.2.5 samt planrapporten kap. 7. |
| FØRESEGNER | | KOMMENTAR |
| 5 | Under § 3.3: Vi ber om at det vert lagt inn at naustet skal verte utført slik at det ikkje tek skade av høg vasstand, eller at det må plasserast minimum på kote + 2,5 meter. Ved høgdeplassering under kote + 2,5 meter, skal det ved byggesøknad leggast ved dokumentasjon på at naustet vil verte utført slik at det toler både spring- og stormflod (jf. kommuneplanen § 1.30). Dette vil gjelde for nybygging av naust. | Sjå føresegn § 3.3.7 samt kap. 7 og 8. |
| 6 | Under § 3.3: Vi ber om at det vert lagt inn at føremålsgrensa for naust gjeld som byggegrense. | Sjå føresegn § 3.3.8. |
| 7 | Det må sikrast at funna frå bølgeanalyesen vert følgjt opp når ein kjem til byggefase, og det må difor gå fram av føreseggnene at utforminga av flytebrygga og/eller plasseringa av bølgebrytarar er i tråd med funna i bølgeanalyesen. | Sjå føresegn § 3.1.2. |
| PLANKART | | KOMMENTAR |
| 8 | Føremålet forankringsområde må verte lagt inn i plankartet, då kommuneplanen ikkje opnar for dette. | Dette er gjort. På sist møte var det einigheit om at det kunne synast i illustrasjonen. |

TILRÅDINGAR

| FØRESEGNER | KOMMENTAR |
|--|---|
| <p>Under § 3.1:</p> <p>Vi tilrår at det vert lagt inn at alle tiltak i sjø (t.d. flytebrygge, bølgjedempar, forankring) krev løyve frå aktuelt hamnevesen og at dette skal vere gitt før det vert søkt om byggeløyve hos kommunen</p> | Sjå § 2.2 om rekkefølgjekrav. Dette er tatt med i føresegna, og var med i førre versjon av føresegna (§ 2). |
| <p>Under § 3.1.4:</p> <p>Vi tilrår at det vert spesifisert at biloppstillingsplassar for småbåtanlegget er innanfor f_SPP.</p> | Sjå § 3.1.6. Var også med i førre versjon av føresegner (§§ 2 og 3.1.4) |
| <p>Under § 3.2:</p> <p>Vi tilrår at det vert lagt inn at BBS2 skal fungere som offentleg kai og båtopprekk. I samband med etablering av småbåthamna skal ikkje dagens funksjon som offentleg kai og båtopptrekk endrast.</p> | Det er tvil om kaia er offentleg eller privat. Planframlegget sikrar allmenn tilgang + at dagens funksjon vert vidareført også etter etablering av kai. Sjå planføresegna § 3.2 og kap. 7. |
| <p>Vi tilrår at det vert lagt inn at rørslehemma skal kunne begeve seg trinnfritt mellom BBS2 og BSB.</p> | Sjå føreseg 3.1.3 samt kap. 7 og kap. 8. |
| PLANKART | KOMMENTAR |
| <p>Vi tilrår at det vert lagt inn frisiktzone i plankartet, ved avkjørsle til f_SPP. Vi tilrår også at det vert lagt inn tekst i føresegnene som skildrar at det ikkje er tillate med sikthindringar innanfor frisiktsona som er høgare enn 0,5 meter over tilstøytande veg. Det som står i føreseg 4.4.3 må verte bakt inn i dette.</p> | Avkjøsel er ikkje plassert i plankartet men synt med symbolsk pil. Siktlinjer vert derfor ikkje synt i plankartet men det er sett krav om det ved realisasjon av naboplan og felles avkjørsel. Sjå § 4.4.43. Dette var det einigheit om ved sist møte hos kommunen. |